

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
071/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Odd Harald Dommersnes	FE-150	21/573

Rekneskapsrapport fyrste tertial 2021

Vedlegg:

Austrheim gjeldsrapport pr 30.04.21

Framlegg til vedtak:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

Formannskapet - 071/21 - 03.06.2021

FS - behandling:

Kommunalsjef økonomi og personal, Odd Harald Dommersnes, gjekk gjennom saka.

- Denne typen finansrapport vil bli gitt ut til formannskapet i samband med handsaminga av tertialrapportar framover.
- Det finansreglementet som kommunestyret vedtok i 2020 følgjer ein ikkje per no, men kjem etter kvart i hamn, mellom anna med å oppfylle kravet om at det skal vera fastrente på minst 33 prosent av låneporteføljjen.
- Ser at det er mogleg å få betre vilkår ved konkurranseutsetting, og det hjelper også at kommunen no er ute av Robek-lista.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er bra med engasjement rundt dette med økonomi.

Inger Lise Brekke (H) sa at arbeidsløyssetala er Austrheim no under 3-talet, det er ei bra utvikling.

Per Lerøy (Ap) viste til at kostnadene til personale er over budsjett, må vera på vakt for at dette ikkje utviklar seg.

Odd Harald Dommersnes sa at ein må sjå på dette med sjukefråvær. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa om dette at ein må kunna forventa at folk er på jobb, og at dei løyser dei oppgåvene som arbeidsgjevar har behov for å løysa. Skal ha fokus på sjukefråvær, og har sett i gang eit eige nærværsprosjekt der Sissel Berge Monslau skal jobba med nærvær for heile kommunen.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må jobba både med å få ned sjukefråvær, og med førebygging. Må jobba med arbeidsmiljøet, for å unngå at det skjer konflikhtar eller anna som over tid kan føra til sjukefråvær.

Morten Sognnes (H) sa at det er bra med fokus på sjukefråvær. Kva er samanhengen mellom Koronapandemi og pålegg om å halda seg heime, og sjukefråværet? Her svara Bjørnar Fjellhaug at ein ikkje

ser ein direkte link mellom Korona og fráværet. Der dei er tettast på, som legekantoret, er fráværet lågast.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis det er tenkt kring heimekontor? Har det slått positivt ut med fleksibilitet kring heimekontor.

Odd Harald Dommersnes sa at det er langtidsfrávær som er utfordrande. Har over 20 personar til ei kvar tid med langtidsfrávær. Er ein lenge vekke, er det tungt å komma tilbake til jobb etterpå. Det er desse ein må ta fatt i, og hjelpe tilbake igjen.

Per Lerøy spurte om kvifor det er avvik på Administrasjon og Undervisning, her svara Bjørnar Fjellhaug at det viser betre om ein skil ut Vaksenopplæringa som eigen post, for slik å få betre oversikt over kvar pengane går.

Odd Harald Dommersnes sa at det er sett opp større investeringar enn det er midlar til, slik at ein må sjå på kva som skal prioriterast her.

Helge Dyrkolbotn (H) spurte om kva som er med i sjukemeldingstala, Odd Harald Dommersnes svara at det er langtidsfráværet som er problematisk, frávær på grunn av sjuke born med meir er ikkje med i desse tala.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må sjå på arbeidsmiljø med tanke på arbeidskultur og relasjonar.

Odd Harald Dommersnes spurte om investeringsmidlar til kyrkja (200.000 kroner), formannskapet sa at dette kan betalast ut no.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

FS vedtak:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak, med tillegg om at investeringsmidlar til kyrkja kan betalast ut no (200.000 kroner)

Saksopplysninger: